

Voss musikkråd

5705 Voss

## Årsmelding frå styret i Voss musikkråd 2018

### Aktivitet i 2018

Styret har i 2018 vore slik:

Styreleiar: Øystein Dahl  
Knut Bryn, nestleiar  
Kjartan Ringheim, kasserar  
Halvard Bjørgø, skrivar  
Aslak Himle, styremedlem

Styret har hatt 6 ordinære styremøte i dette arbeidsåret.

Tre saksområder har hatt særleg merksemd:

- Økonomi har vore tema på alle styremøta. Musikkrådet fekk tilskot frå Voss kommune i hausttildelinga. På grunn av kommunalt arbeid i uteområdet rundt scena våren 2018 måtte nokre utleigeavtalar avlysast. Dette førde då til reduserte leigeinntekter. Det vert elles synt til årsrekneskapen.
- Generelt om drift, vedlikehald og utleige av Utescena har likeeins vore sak på alle styremøta.
- Musikkrådet sin framtidige funksjon. Voss kommune har ikkje synt trong for samarbeid med musikkrådet dette året. Men i høve til Voss kulturråd har rådet samarbeidd i saker vedkomande fordeling av kommunale kulturmidlar og oversendt desse for uttale frå musikkrådet, i samsvar med avtale frå mai 2016. Avtalen var 2 årig. I felles møte med styret i Voss kulturråd vart denne avtalen evaluert og formulert på nytt i møte 26.06.18. Denne avtalen er ikkje tidsavgrensa.

Det har ikkje vore aktivitet i samarbeidsorgan med Voss kulturskule i 2018.

Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscena.

Voss musikkråd har gjeve uttale til Voss kulturråd om kommunen sine rutinar vedkomande prinsipp i sak om tildeling av kommunale kulturmidlar. Søknadane må sendast til høyring med rimeleg frist og før kommunen ferdigstiller sakene, og tildeling må skje i samsvar med kommunen sine egne retningslinjer.

Medlemstalet i musikkrådet er ikkje endra i 2018.

Halvard Bjørgø er vald inn i styret for Hordaland musikkråd.

Øystein Dahl representerte musikkrådet på Leiarmnøtet/fagdag til Hordaland musikkråd på Stord i april 2018

### **Utescena**

Drift av friluftscena er ei viktig oppgåve for styret. Men meir aktivitet er eit klårt mål, og styret oppmodar medlemslaga til å tenkja aktivitet lagt til scena. Styret har presisert rutinane ved utleige av utescena for å unngå mistydingar mellom utleigar og leigetakar om rettar og plikter knytt til leigetilhøvet.

### **Avslutning**

VMR har ikkje lenger ein viktig medverknad som direkte formidlar mellom medlemmene og kommunen, m.a. ved innstilling til fordeling av kommunale tilskott. Dette vert no ivareteke gjennom samarbeidsavtalen med Voss kulturråd. Styret meiner framleis at det er naudsynt med ein drøfting og avklaring med medlemmene om rådet sin framtidige funksjon.

Voss 15.01.2019

Styret i Voss musikkråd